

Oslo, 20.juni 2013

Kulturdepartementet
v/ kulturminister Hadia Tajik
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Høyringssvar på Kulturutredningen 2014.

Gjennom Kulturløftet 1 og 2 har kulturen fått ei merkbar auke i tilskot. Regjeringa sette i gong ei uavhengig evaluering av arbeidet i dei to kulturløfta og Kulturutredningen 2014 er no på høyring. Kulturutgreiinga er eit grundig og godt dokument, som etter vår mening gjer ei god oversikt og analyse av kulturpolitikken og kulturlivet i Noreg i dag og historisk. Utvalet og sekretariatet har hatt ein brei og god dialog med kulturlivet. Vi har sett på høyringssvar til kulturutgreiinga og innspel til det neste kulturløftet i samanheng, då vi tenkjer det er viktigast å ha fokus på framtida. Dokumenta er difor nesten heilt like.

Kven er FolkOrg?

FolkOrg vart stifta i 2009 og har i dag i underkant av 5000 medlemmer og 150 lag. Organisasjonen har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet. Blant våre medlemmer er både profesjonelle musikarar og dansarar, amatørar, spel- og danselag, arrangørar, instrumentmakarar og pedagogar. FolkOrg har eit breitt arbeidsfelt. Vi arrangerer Landskappleik, Landsfestival i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi gir ut bladet Folkemusikk, og driv nettstaden www.folkemusikk.no. FolkOrg arbeider med både lag-, utøvar- og arrangørutvikling.

I Kulturutgreiinga innførde utvalet omgrepet *ytringskultur*. Ein treng ei nyansering av det utvida kulturomgrepet og det er difor positivt med introduksjonen av omgrepet *ytringskultur*.

Ansvaret for den immaterielle kulturarven

Stortinget ratifiserte Unesco sin konvensjon om vern av immateriell kulturarv i 2006. Med den forplikta Noreg seg til å vere med og halde mangfaldet i verdas kulturarv oppe, og sørge for at den mest særprega og trua kulturarven vi har vert halden i bruk. Norsk folkemusikk og folkedans er ein viktig del av den immaterielle kulturarven i Noreg. Det poenget var tydeleg alt i kulturmeldinga frå 2002-2003 der dei formulerte det slik: "Noreg er alleine om å kunna verna, forvalta, og føra vidare den norske folkemusikken og folkedansen. Det er ei viktig oppgåve å syta for at denne kulturressursen er tevlefør i eit moderne, profesjonelt kulturliv."

I løpet av dei 9 åra det har gått sidan ratifiseringa har det ikkje vore gjort mykje i høve implementeringa av konvensjonen. Konvensjonen må implementerast i det neste kulturløftet.

Fokus på formidling

Alle som arbeider for norsk folkemusikk og folkedans i Noreg er med på å halde tradisjonane i live og sørger for at vi har god kunnskap om og i eigen kulturarv. På den måten kan ein møte andre kulturar sin arv på ein open og trygg måte. Vi ønskjer i dette innspelet å kome inn på områder det er særskilt viktig å satse på i tida framover, for å halde desse tradisjonane levande.

Vi tilrå at det i kulturløftet 3 vert satsa på *formidling* av folkemusikk og folkedans.

Grunnmuren i folkemusikken og folkedansen

*"På faste grunnen me bygget tuftar
med rom der folk sine tonar luftar
ha plass for læring og frie flyt
av kulturkjeda som aldri tryt "*

Kulturutreiinga 2014 pekte på at det no trengs eit lokalt kulturløft der fokus er på dei faste kulturaktivitetane. Det er vi samde i, og det bør verte eit sentralt mål i det neste kulturløftet. Folkemusikken og folkedansen treng undervisning i kulturskulane, gode kår for lokallaga og øvingslokaler for å halde tradisjonane i hevd.

Satsinga på kultur frå 2005 til no har vore god, og har mellom anna vore medverkande til at folkemusikken og -dansen som sjanger har ein innlysende plass innan musikken i samtid. Fleire har musikken som leveveg og nyttar den i tradisjonelle og meir eksperimentelle former. Det er gledeleg at folkemusikk- og dans har blitt næring for fleire dei siste åra. Men dersom ikkje grunnmuren får eit løft no, vil det verte vanskelegare å halde tradisjonane i live, det vil gjere rekrutteringa utfordrande, lokalsamfunna fattigare, kulturopplevingane færre og verte ei utfordring for demokratiet. Det vil òg føre til at det vert vanskelegare å leve av musikken og dansen, og rekruttere til bransjen.

Om grunnmuren forvitrar får ein heller inga kvalitativ kulturnærings. Suksessar som til dømes Frikar og Valkyrien Allstars kjem frå miljø som gjev tilbod om opplæring, men som samstundes har vore romsleg nok til å la utøvarane få utvikle seg og kunsten sin.

Formelle verkemiddel for auka grunnmurfokus

Kommunen har dei siste tiåra fått fleire oppgåver og større ansvar, og det er sterkt fokus på lovpålagte oppgåver og primærkommunen sitt ansvar innan ulike område. Dette fører til ei strammare prioritering av ikkje lovpålagte oppgåver, noko som råkar kultursektoren i

Postadresse:

Postboks 4613, Sofienberg, 0506 Oslo

Org. nr.:

959 390 940

Kontonr.:

1600.20.36375

www.folkemusikk.no

særleg grad på kommunalt nivå. Det er difor interessant å sjå på verkemiddel som ei meir forpliktande kulturlov og kulturskulelov. Norsk folkemusikk og –dans står i ei særstilling og det er ingen andre enn Noreg som har ansvar for dette kulturuttrykket. Difor bør ansvaret for dette verte formalisert gjennom desse lovane.

Kulturen vil òg stå sterke i kommunane, dersom kultur vert teke inn i Plan- og bygningsloven, slik det er kome framlegg om i kulturutgreiinga kapittel 15 og 16.

Øyremerking av midlar frå stat til kommune er alltid ei vanskeleg problemstilling, men vi meiner det er naudsynt å øyremerke midlar til lokal kulturutvikling, i alle fall for nokre år.

Meir folkemusikk og folkedans i kulturskulane!

*"Syngje, hoppe, danse, fleire må få sjanse',
ei reise inn i vår unike slåtteverd
Kulturskulen må styrkast,
musikk og dansen dyrkast
samан skal me gå på vår kunstnarlege ferd!"*

Kulturskulane i Noreg må styrkast. Dei må både ha kvalitative og kvantitative mål, og satse både på breidde og topp. Ei undersøking frå 2007 viste at berre 4 % av kulturskulane i Noreg har undervisning i folkedans og berre 42 % har undervisning i folkemusikk. Kommunane i Noreg må ta sin del av ansvaret for den immaterielle kulturarven, og må få midlar nok til å settast i stand til det. Eit godt opplæringstilbod i folkemusikk og folkedans, med godt samarbeid mellom kulturskular og spel- og danselag, er avgjerande for å halde tradisjonen i live.

Etablering av hardingfelemakarutdanning

*"Skal spelmann finnast, med streng og boge
så tonar gneistrar og dans slår loge
Må kunst og handlag få levekår
så gilde feler me enno får!"*

Ole Bull Akademiet har sidan 2010 arbeidd med å få etablert ei utdanning i hardingfelemakarfaget. Bakgrunnen for dette arbeidet er mellom anna utgreiinga «De norske instrumentbyggertradisjonene – en situasjonsrapport» (Aksdal, Bitustøy og Kværne), lagd etter initiativ frå Rådet for folkemusikk og folkedans. Denne rapporten slår fast at situasjonen for felemakarfaget er svært uviss og konkluderer med at "Vi ser det

som en klar førsteprioritet å få på plass en godkjent instrumentmakerutdanning her i landet."

Eit samla folkemusikkmiljø har gitt Ole Bull akademiet full tilslutnad til å fortsetje arbeidet med å få på plass ei høgskuleutdanning etter mal frå Spelemanns- og kvedarskulen (no Tradisjonsmusikk 1 og 2) ved Ole Bull Akademiet. Dette er ein godt prøva og velfungerande modell, som vi meiner vil høve godt for eit studium i hardingfelemakarfaget. Folkemusikkmiljøet vil òg i løpet av det neste året arbeide for å få hardingfelemakarfaget inn på Unesco konvensjonens verneliste.

Det må etablerast ei bachelorutdanning i hardingfelemakarfaget på Ole Bull akademiet i 2014.

Gode føresetnadar for opplæring!

*"Om eg skal klunke på alle strenge,
så dei skjelv av sæle i hjarta lengje.
Da må eg pengar til lærar ha,
og får eg inkje, kva skjer no da?"*

Stønadsordningane må vere enkle, og tilpassa den røyndommen som dei skal stø opp om, slik at kart og terrenget heng godt saman.

Vaksenopplæringsmidlar

Kulturutreiinga stilte i kapittel 15.3 spørsmål om ein bør splitte opp forvaltningsansvaret for vaksenopplæringa, slik at dei organisasjonsrelaterte studieverbundene vert knytt til Kulturdepartementet. Dette er eit framlegg vi støttar.

Den frivillige kulturaktiviteten er avhengig av jamn kompetanseheving for å vidareføre og vidareutvikle verksemda si. Opplæring er eit viktig tiltak for å nå måla våre; både for å skolere instruktørar, og for å formidle kunnskap og ferdigheter innan ulike kulturuttrykk.

Dei statlege tilskota til opplæring gjennom studieverbundene er eit sentralt verkemiddel for å drive opplæring i organisasjonane. Til tross for nye intensjonar i ny lov om vaksenopplæring, og vekst i opplæringa dei siste åra, har statstilskota hatt ein reell nedgang dei siste åra.

Vi meiner at denne tilskotsordninga må bli styrka, for at dei overordna måla i lova om vaksenopplæring skal bli nådd. Auka tilskot vil generere meir opplæring i organisasjonane. Vår vurdering er vidare at overføring av forvaltningsansvaret vil føre til eit større medvit om at opplæringsaktiviteten som skjer i organisasjonane er ein sentral del av sjølve grunnmuren i norsk kulturliv.

Styrk KOMP-ordninga!

KOMP er ei stønadsordning for kortare kurs, opplæringsprosjekt og andre kompetansehevande tiltak innan rytmisk musikk. Dette er ei særskilt viktig ordning for

Postadresse:

Postboks 4613, Sofienberg, 0506 Oslo

Org. nr.:

959 390 940

Kontonr.:

1600.20.36375

www.folkemusikk.no

folkemusikkfeltet, og spesielt for dei lokale spel- og danselaga. Kursa og opplæringstiltaka er initiert av brukarane sjølve, nyttaast lokalt og er viktig for musikklivet i heile landet. Då ordninga vart oppretta i 2010, som ei vidareføring av ei ordning i dåverande Musikkverkstadsordninga, vart ho redusert med om lag 3 millionar. Ordninga er ikkje auka sidan. Etter ei forsiktig utlysing i 2012 kom det inn heile 264 søknadar med ein total søknadssum på kr 7.100.000. Utvalet hadde berre kr 1.570.000 til fordeling. Det syner trøngen og ønskje om kompetanseheving i organisasjonar, spelemannslag, arrangørar med fleire.

Ordninga må aukast til kr 7 000 000.

Frifond

Frifond er ei særskilt stønadsordning i høve kulturaktivitetar for og med born og unge. Satsinga på denne ordninga må halde fram. Retningslinene for både Frifond musikk og Frifond organisasjon må vere slik at dei står opp om god aktivitet, og ikkje vert for stivbeinte i høve ein bestemt organisasjonsform. Nok ein gong må kart og terrenget passe i hop.

Instruktørløn – også for folkemusikken!

Kulturutreiinga kjem i kapittel 12 og 15 med framlegg om at det vert innført ei dirigentlønsordning, og at denne etter kvart skal utvidast til ei instruktørordning. Dette er eit framlegg vi støttar, men vi meiner at ordninga allereie frå starten av bør vere ei instruktørordning som femnar folkedansinstruktørar og musikalske leiarar i spelemansлага, ikkje berre korps- og korrørsla.

Store delar av det frivillige kulturlivet har eit sterkt behov for dyktige og kvalifiserte instruktørar og musikalske leiarar for å tiltrekke seg nye medlemmer, og for at aktiviteten skal leve og vidareutviklast.

For å halde oppe lokale danse- og musikkformer og miljøs lokalt, er vi avhengig av kunnskapsrike instruktørar og pedagogar. Vi ser i dag at det er vanleg å løne kordirigentar, idrettstrenarar og korpsdirigentar i eit heilt anna omfang enn det er vanleg å løne instruktørar i folkedans og musikalske leiarar i spelemannslaga. Fleire og fleire tek utdanning innanfor folkedansfaget, og forventar også løn for arbeidet dei legg ned i dei frivillige organisasjonane. Endå fleire utdannar seg som folkemusikarar. Med ei instruktørlønsordning kan fleire ta på seg instruktøroppdrag for feltet, og den lokale aktiviteten kan leve vidare.

Styrk sommarkursa!

Dei årlege sommarkursa innan folkemusikk og -dans har ei særskilt økonomisk utfordring. Dei er viktige for læring i ei tid på året der kulturskulane ikkje tilbyr undervisning, samstundes er desse kursa ein inspirasjon for resten av året. Det er også viktig å sjå den sosiale sida ved kursa. Her kan ein treffen andre unge innan sjangeren og bygge eit sosialt nettverk, noko som er generelt viktig i ein liten sjanger. Musikken og

dansen er også grunnleggjande sosial og treng denne typen møteplassar for å bruke musikken og dansen i ein sosial samanheng.

Finansiering av sommarkursa i folkemusikk og –dans må aukast.

Skattefritak for arbeid for frivillige organisasjoner

Frivillige organisasjoner kan i dag engasjere nokon for eit honorar opp til kr 4.000 utan at ein må skatte av det. Det er ei god ordning som forenklar arbeidet, men grensa på kr 4 000 har vore uendra i lang tid og må hevast til kr 10 000.

Det frie feltet – gode tilhøve for kunstnarane!

*"I dei gamle gråe dagar, før kulturråd og NAV
Gjekk spelemann frå gard og grunn for det han elles gav-
No må det sytast for at dei får spelerom og tid
og at mindre det treng veljast mellom kunst og annan flid"*

Trass i auke i musikarstønad og andre stønadsordningar, har frilansmusikarane og dansarar ikkje auke i sine levekår, det same gjeld kunstnarar generelt. Vi er samde i framlegget til Kulturutgreiinga, som seier at ein må heve kvalitettskrava til dei stipend- og stønadsordningane som finst, slik at det vert meir til færre. Samstundes er det viktig å styrke andre verkemiddel, slik at fleire kan leve av eigne kommersielle inntekter.

I tråd med innspela til Samstemt! for opptrapping av tilskot, må ordningane hjå Norsk kulturråd opp på følgjande nivå innan det neste kulturløftet:

- Musikarstøtta opp til 50 millionar
- Ensemblestøtta opp til 59 millionar
- Kunstnarstipend opp til 76 millionar
- Publiseringsstøtta opp til 60 millionar

Sakshandsamingstida på stønadsordningane er for lang. Dette gjer planlegging av konserter og turnear uføreseileg. Sakshandsamingstida må difor kortast ned. Revisjonskravet på 100 000,- må også hevast i det neste kulturløftet.

Kunstnarstipendordningane, særskilt dei innan folkemusikk og folkedans, har ofte vore tildelt for berre eit år. Det gjev ikkje den arbeidsroa som er naudsynt for å ha god effekt av ordninga. Stipendperioden må forlengast.

Stønadsordninga STIKK via Music Norway har no opna for at bransjeaktørar kan søke stønad. Det er positivt og naudsynt, men det er ei føresetnad at potten vert auka når fleire

kan søkje. I den nye handlingsplanen for kultur og næring er det varsla ei auke i denne ordninga. Det er naudsynt at dette skjer allereie neste budsjettperiode.

Utdanning i folkedans

Det er per i dag inga utdanning i folkedans på heiltid på høgskulenivå. Det må etablerast både for å sikre undervisning i folkedans og for scenisk folkedans som er i vekst.

Løft heilårsarrangørane!

*"Lage til konsert, san
er jammen ikkje lett, san
ein god støtteordning er det som skal til.
Det vil lette presset,
alle unngår stresset
og kan gå på konsert med eit stort og herleg smil!"*

Saman med festivalane og lokallag er heilårsarrangørane ein særsviktig formidlar av folkemusikk av høg kvalitet rundt om i landet. Arrangørane er i stor grad tufta på frivillig arbeid, og bak dei ulike scenene står det ei mengd eldsjeler med fleire tusen dugnadstimar. Vi treng gode arrangørar, og arrangørane treng trygge rammer og føresetnadar. Arrangørstøtteordninga til Norsk Kulturråd har vore ei god ordning, men det er både for lite pengar i ordninga, og sakshandshaminga er for lite dynamisk. Det kan gå opp til fire månader før ein får svar. Om ein meiner alvor med eit lokalt kulturløft, er heilårsarrangørane ein særsviktig aktør som ein må styrke.

- Arrangørstøtteordninga i Norsk Kulturråd opp på nivå med festivalstøtta. Dvs. 47 millionar.
- Drastisk kortare sakshandsamingstid hjå Norsk Kulturråd.
- Forenkling av søknadssystem(digitalt) og rapporteringskrav- og rutinar. Revisjonskravet til vert sett til minimum 300 000,- .
- Fleksibilitet i ordninga slik at dansekonsertar også kan få tilskot.

Grunnfinansiering til folkemusikksentra!

*"Som hjelp til arrangørar,
og andre proff aktørar,
eit nettverk og senter for folkearven vår.
Lage produksjonar,
Turnear så det monar,
og gje vår kulturarv gode levekår!"*

Det finst per i dag seks rytmiske kompetansenettverk i Noreg og det er eit folkemusikksenter som partnar i kvar av dei. Vi står ei vidareføring av arbeidet i dei

Postadresse:

Postboks 4613, Sofienberg, 0506 Oslo

Org. nr.:

959 390 940

Kontonr.:

1600.20.36375

www.folkemusikk.no

rytmiske kompetansenettverka, grunnfinansiering til kompetanse- og sjangersentra som ikkje har det i dag og at innhald og metode må tilpassast regionen og sentras eigenart.

Statleg driftsstøtte til folkemusikkcentra vil fylle ut ein manglande del av infrastrukturen til sjangeren. Spesielt i arbeidet for dei profesjonelle folkemusikarane og -dansarane, er det no eit tomrom mellom det nasjonale nivået med Riksscenen, Noregs Ungdomslag og FolkOrg, og dei lokale festivalane, arrangørane og artistane. For å få ei fullverdig verdikjede treng sjangeren å utvikle regionale modellar for:

- produksjon/produksjonsstøtte – eit mangfald av produksjonar.
- turnélegging – meir folkemusikk og -dans ut til fleire i heile landet.
- arrangørutvikling – ein fast kjerne av folkemusikkarrangørar.
- artistutvikling – knyte vår sjanger på musikkbransjen, bygge eigne aktørar.

Grunnfinansieringa av folkemusikkcentra må på plass no.

Styrking av folkeopplysninga om folkemusikk og -dans!

- Eit opplysningskontor for norsk folkemusikk og -dans

*"Kunnskap må styra og folk vita meir
om dansen og spelet vi eiga
skal grunntonen høyраст her oppe frå nord
og farga vår kvardag i tone og ord
så trengst det vel stad ein kan spørja!"*

Frå kulturmeldinga 2002-2003.:

"Noreg er åleine om å kunna verna, forvalta, og føra vidare den norske folkemusikken og folkedansen. Det er ei viktig oppgåve å syta for at denne kulturressursen er tevlefør i eit moderne, profesjonelt kulturliv."

Det trengs ei styrking av formidlinga av informasjon om sjangeren, og vi treng og få folkemusikk- og dansen ut til fleire. Vi opplever at mange har manglande kunnskap om, og kjennskap til, norske folkemusikk- og -dansetradisjonar. Ofte møter ein stereotype haldningar til sjangeren, som ikkje alltid stemmer med røynda. Informasjonen i skuleverket er manglande, og media held tilbake for å skrive om sjangeren grunna manglande innsikt og kunnskap. Dette ønskjer vi å gjere noko med.

Vi ser for oss ein modell som eit opplysningskontor, der målet er å skape større merksemd om, forståing og interesse for dei levande tradisjonane innan folkemusikk og -dans. Eit slikt opplysningskontor kan verke inkluderande, og vere med på å senke terskelen for å oppsøke den norske folkemusikken og -dansen. Arbeidet med innhald og materiale til opplysningskontoret vil skje i samarbeid med interesseorganisasjonar, folkemusikkarkiv,

utdanningsinstitusjonar, pedagogar, utøvarar og eldsjeler på feltet. Døme på oppgåver for opplysningskontoret er:

- Servicesenter for spørsmål om folkemusikk – og dans.
- Utvikling og formidling av undervisningsopplegg og materiell for skuleverket. Både kulturskule og vanleg skule.
- Produksjon av informasjonsmateriell – tekst, bilete, lyd og video. Om sjangeren, musikk- og danseuttrykk, instrument, kappleikar med meir
- Ein utøvarkatalog og biografibase, samt "Urørt" for norsk folkemusikkarar.
- Formidling av aktuell informasjon om utgjevingar, arrangement, viktige hendingar m.m.

Vi ønskjer ei styrking av www.folkemusikk.no som eit opplysningskontor for norsk folkemusikk og -dans, med ei tilleggsløyving på to millionar i driftsmidlar til FolkOrg.

Oppsummering

Vi håpar at vi saman kan få til eit løft for folkemusikken og folkedansen i Noreg, slik at vi kan ta vare på den rike kulturarven vi har og halde tradisjonen i live. Vi stiller gjerne opp om det er saker de ønskjer å drøfte med oss.

Med venleg helsing

Per Øyvind Tveiten(sign)
Styreleiar


Linda Dyrnes
Dagleg leiar

VEDLEGG

- Oppsummering av tiltaka i innspellet

Oppsummering av tilrådingar til Kulturløftet 3

Overordna:

- Det neste kulturløftet må ha ei solid satsing på den immaterielle kulturarven
- Det neste kulturløftet må satse på formidling av folkemusikk og folkedans

Konkrete tiltak:

Formelle verkemiddel:

- Ein meir forpliktande kulturlov og kulturskulelov.
- Kultur må inn i Plan- og bygningsloven.
- Øyremerking av statlege overføringer til kommunane til lokal kulturutvikling.

Opplæring og kompetanse:

- Etablere ei bachelorutdanning i hardingeletemakarfaget på Ole Bull akademiet i 2014.
- Auke vaksenopplæringsmidlane og overføre ansvaret til Kulturdepartementet.
- Auke stønadsordninga KOMP til kr 7. 000.000.
- Innføring av ei instruktørlofnordning som femnar folkedansinstruktørar og musikalske leiarar i spelemannslaga.
- Skattefritak for arbeid for frivillige organisasjonar hevast til kr 10.000,-

Det frie feltet og arrangørar

- Kvalitetskrava til stønadsordningane til musikarar må aukast, slik at det vert meir til færre.
- Muskarstøtta hjå Norsk kulturråd opp til 50 millionar
- Ensemblestøtta hjå Norsk kulturråd opp til 59 millionar
- Kunstnarstipend hjå Norsk kulturråd opp til 76 millionar
- Publiseringssstøtta hjå Norsk kulturråd opp til 60 millionar
- Stønadsordninga STIKK må aukast.
- Sakshandsamingstida i Norsk kulturråd må drastisk ned.
- Det må etablerast ei heiltids høgskuleutdanning i folkedans.
- Arrangørstøtteordninga i Norsk Kulturråd opp på 47 millionar.
- Forenkling av søknadssystem Revisjonskravet vert sett til minimum 300 000,- .
- Fleksibilitet i arrangørstøtteordninga slik at dansekonsertar også kan få tilskot.
- Grunnfinansiering av folkemusikksentra må på plass.

Informasjon

- Styrking av www.folkemusikk.no som eit opplysningskontor for norsk folkemusikk og – dans, med ei tilleggsløyving på kr 2.000.000,- i driftsmidlar til FolkOrg.